



Årsmelding for Nord-Gudbrandsdal Gjetarhundlag 2021.

Vår Hovedsponsor.

Ottadalen Mølle

Førre årsmøte vart avhalde digitalt gjennom møteplattforma Teams som følgje av Korona. Årsmøtet var fyrst fastsett til 19.01.2021, men pga. Korona vart det utsett og avhalde den 26.01.2021

Styret:

Styret gjennom året:

Endre Amundgård leder (på val), Kari Hånsnar sekretær (på val), Inger Marie Nyløkken kasserer, Anders Svare styremedlem (på val), Torkjel Solbakken styremedlem

Vara:

Stina Cecilie Storhaug Løkken har møtt på styremøta.

Valgkomite:

Bjørn Ola Vaagaasarøygard (på val) og Eivind Haugom

Møter:

Styremøta gjennom året:

13 - januar - telefonmøte - 6 sakar til drøfting/behandling

16 - februar - Vågå - 4 sakar til drøfting/behandling

21 - Jun - Vågå - 4 sakar til drøfting/behandling.

07 - Des - vågå - 6 sakar til drøfting/behandling.

Utanom styremøta har det vore utveksling av e-post, SMS, og kommunikasjon over telefon.

OGL

Den 24. februar var det årsmøte i Oppland Gjetarhundlag. Også dette årsmøte vart avhalde digitalt grunna Korona. To frå kvart lokallag var inviterte til å delta på det digitale møtet. Frå vårt lag møtte Endre og Torkjel.

Råd og Utval

Torkjel har også i år sitje som fast medlem av gjetarhundrådet i NSG. Torkjel gjekk ut av Prøvenemnda i mai etter lang og tro teneste.

Medlemmar (fjorårets tall i parentes):

Pr 31.12.2021 er det 49 (55) betalande medlemmar.

Ngg har mange medlemmar som i ulik grad bruker hund i praktisk arbeid med småfehold. En stor del av desse er også med på større og mindre gjetarhundkonkurransar gjennom året.

Aktivitetar:

Etter årsmøte sitt ynskje la styret ein plan for aktivitetar. Informasjon om planlagde aktivitetar for året vart utsendt på e-post til alle medlemmar den 16 feb. i lag med info om medlemskontingent. Det har også i år vore noko fram og attende med koronareglar men vi klarte å gjennomføre alle planlagde aktivitetar.

- Distriktprøver og større prøver.
- Gjetarhundkurs den 6 og 7 mars på Dovreskogen med totalt 8 deltakarar. Torkjel var instruktør. Endre var med som instruktøraspirant.
- Gjetarhundkurs den 10 og 11 Juli på Lesja. Eine kurset var for vidarekomne der Torkjel var instruktør. Det var også eit kurs for nybegynnar. Der var det Ronny Smedsmo som instruerte. Det var 8 deltakarar på kvart kurs.
- Fellestreningar:
I år vart det etter medlemmanes ynskje lagt opp til anna fellestrening enn tidlegare. Det var ynskje om å få til rulleringar med treningar på fleire plassar i lokallagsområde. Det vart lagt ut info på facebook der ein bad om attendemeldingar frå medlemmar som kunne tenkje seg å bidra med treningssau og areal for ein kveld eller to for sesongen. Erfaringa vart at det var få som meldte seg, og at det har vore så som så med frammøte på treningane. Styret meiner ein bør vurdere om laget trenger å bruke tid på å legge til rette med fellestreningar. Ulike grupperingar trener uansett saman på ulike plassar i lokallagsområdet.

Fleire har bidratt med sau og areal til fellestreningar gjennom sesongen.

Elin Lerhaugen, Johnny Kveen, Jan Petter Hagen og Inger Nyløkken, Rune Brumoen Irene og Endre Amundgård, Kari Hånsnar og Torstein ytre

Hovedsponsor:

Laget fekk i 2021 ei fornya treårig sponsoravtale med Ottadalen Mølle. Avtala er av svært stor verdi for laget. Tusen takk til Ottadalen Mølle for støtte og samarbeid.

Andre sponsorar:

I år har laget også fått støtte gjennom kulturmidlar frå Skjåk og Lesja kommune. Laget rettar stor takk for støtta.

Instruktørar:

Laget er godt dekt med instruktørar på lik linje som tidlegare år. Nytt av året er at Torkjel er oppnemnd som ein av dei nye hovudinstruktørane i NSG.

Dommare:

Laget har som før 3 godkjente dommarar.

Alle har dømd prøvar gjennom sesongen.

Bjørn Ola Vaagaasarøygard dømde DP prøve på Dovreskogen, samt DP prøve på Lesja.

Torstein Ytre dømde DP prøve i Valdres

Og Dp prøve i Midt.Gudbrandsdal.

Torkjel dømde DP prøve i Alvdal, samt NS prøve i Romarheim.

Laget har dyktige dommarar med stor kompetanse og lang erfaring på gjetarhund.

Prøver:

Distriktsprøvar:

- 27 Mars - Klasse 1 - hjå Elin med 11 startande.
her vart det 4 nye bruksprov til laget.
Torkjel med Sita og All mira
Frank Sletten med Mixi
Rune Brumoen med Sita
- Etter medlemmanes ynskje vart det forsøkt med ei ekstra DP-prøve den 5. april.
Denne måtte dessverre avlysast som fylje av dårleg vær.
- 11 Juli - Klasse 1 og klasse 3 - hjå Irene og Endre - 9 startande i kl1 - 16
startande i klasse 3.
Her vart det godkjent klasse 3 prøve på All Mira og Torkjel.
Det vart to nye bruksprov i klasse 1.
Endre med hunden Nice
Kari med hunden Pippi
- 7 august - DP prøve i Valdres.
Her vart det 4 nye bruksprov til laget.
Johnny Kveen med Ronja og Molly
Elin med Dis
Geir haugom med King
- 19 august - Dp prøve i Midt-Gudbrandsdalen - Øldalen.
Her vart det godkjent bruksprov til Ronja og Torkjel.
- 28 august - Dp prøve - Aulieprøva
Her vart det godkjent bruksprov til Roger Hågensen og hunden Fix.
- 24.okt - DP prøve i Olden.
Her vart det godkjent bruksprov til Johnny og Milly.
- 07.nov dp prøve Midt Gudbrandsdal.
Her vart det 2 nye bruksprov. Irene med hunden saga og Johnny med hunden Moss.

Pr. 31.12.2021 har laget totalt 16 nye bruksprov..

Fylkesmeisterskap:

Årets FM vart i år arrangert i Sør-Gudbrandsdal. Pga. stor påmelding måtte arrangementet køyrast over to dagar. Ved påmeldinga var det på det meste påmeldt 70 hundar. Det ende til slutt på 62 som stilte til start. Frå laget stilte det totalt 10 medlemmar med totalt 26 hundar til start. FM bestod som før av innleiande rundar med ein finaleomgang til slutt. Finala bestod i år av dei 10 beste frå innleiande. Dvs. dei 5 beste frå kvar dag.

Både Torkjel og Ronny kvalifiserte seg til finaleomgang.

Torkjel med hundane Elan Valley Jack og Slip.

Ronny med hundane Ivo og Milla.

Torkjel ble den nest beste av våre på en 4 plass med Elan Valley Jack. Hunden vart også beste unghund under årets FM.

Norgesserie:

- I år deltok 9 medlemmar med totalt 19 hundar på ulike Norgesserieprøver. Fleire har prestert bra og end opp med premieplasseringar. På NS konkuransar premierast dei 6 beste.

1-plass - Torkjel og Elan Valley Jack

2-plass - Torkjel og Ziva

2-plass - Mali og Noah

3-plass - Ronny og Milla

3-plass - Torkjel og Slip

3-plass - Ronny og Pepsi

4-plass - Torkjel og slip

4-plass . Mali og Noah

5- plass - Ronny og Ivo

5-plass - Torstein og Titti

6-plass . Torkjel og Slip.

6-plass - Torkjel og Ziva

6-plass - Mali og Noah

- Årets NS finale vart arrangert i Aarmark i Østfold med ganske krevjande og utfordrande forhold. Finala i Norgesserien består av dei 35 beste NS hundane gjennom sesongen av ca. 250 hundar som startar på NS gjennom året. Laget hadde i år 5 hundar i finala. Torkjel med Elan Valley Jack, Ziva og Slip, Mali med Noah, Ronny med Milla.

Torkjel og Slip vart de som gjekk best frå vårt lokallag lag under finalehelga. Dei fekk ein 12 plass som si beste plassering denne helga. Mali og Noah fekk ein 28 plass, mens Ronny Milla fekk ein 30 plass som sine beste plasseringar for helga.

NS samanlagd:

Blant dei 35 beste i Norgesserien samanlagt ende Torkjel og Slip på ein 13 plass, Mali og Noah kom på ein 25 plass, Torkjel og Ziva på ein 30 plass og Torkjel og elan Valley Jack på ein 31 plass.

Norsk Nurery Kvalifisering:

- Laget arrangerte Norsk Nursery kvalifiseringsprøve helga den 17 og 18 oktober på Lesja hjå Irene og Endre Amundgård. Laget hadde 8 deltakarar med totalt 9 hundar til start. Torkjel Solbakken klarte å kvalifisere seg med to hundar til Finale på toten noko seinare. Dette var hundane Elan Valley Jack og Ronja. Øvrige deltakarar frå laget gjorde så godt dei kunne, men landa noko ned på resultatlista.

Under kvalifiseringsprøva vart det 3 hundar som klarte godt over 60 poeng på klasse 3.

Geir Haugom med hunden King.

Roger Hågensen med hunden Fix

Endre Amundgård med hunden Nice

Norsk Nursery Finale.

Finala gjekk av stabelen på Toten. Frå laget vårt var det eit medlem til start. Dette var Torkjel Solbakken med hundane Elan Valley Jack og Ronja. Fyrstnemnde ende på ein flott 2 plass samanlagd, mens Ronja ende på ein flott 20 plass til tross for sin unge alder.

Nordisk Nurery:

Torkjel kvalifiserte seg vidare til Nordisk Nurery med to hundar, men valte å ikkje delta.

Norsk Meisterskap (NM)

4 av lagets medlemmar deltok under årets NM. med totalt 8 hundar av ei kvote på 12 i Oppland Fylke.

Ngg`s deltakarar var:

Torkjel med Elan Valley Jack og Slip -Torstein med Sjakk og Titti - Ronny med Ivo og Milla - Mali med Noah.

Ingen klarte å kvalifisere seg til finaleplass i år dessverre. Best av våre denne gangen vart Torstein Ytre med Titti på ein 22 plass samanlagd.

Økonomi:

Økonomien i laget er god. Det har ikkje vore gjort noko større innkjøp av utstyr denne sesongen.

Oppsummering:

Vi klarte også denne sesongen å halda aktiviteten oppe på eit normalår trass Covid-19. Ngg. har også i år mange nye bruksprovtilllegg i tillegg til alle dei som har fått godkjent klasse 2 og 3 på hundane sine. Det blir stadig fleire og fleire av lagets medlemmar som kommer opp og fram med hundane sine. Eit resultat av dette er at det også blir fleire frå laget som ynskjer å prøva seg på ulike konkurransar. Ngg forsyner seg stort av NM kvota. Ngg er sterkt representert i Norgesserien. Ngg har ei aukande mengde påmeldingar til Fylkesmeisterskapet.

Aktivitet gjev resultat. Det er det ingen tvil om når ein ser på rekruttering og resultat i laget. Ein anna faktor som også må nemnast som ein mogleg årsak til den positive framgangen med hund i laget, er at i tillegg til å ta del i lagets kompetanse og aktivitetar så blir det stadig fleir som legg til rette for å kunna driva sjølvstendig trening.

Ngg er som tidlegare eit lag med stor kompetanse på gjetarhund. utfordringa vil alltid vera å holde aktivitetar, miljø, motivasjon og prestasjonar oppe. For å klare det er vi avhengige av medlemmer, dugnadsånd, miljø og ressursar. Til tross for mange medlemmar har laget utfordringar når det gjeld ressursar og dugnadsånd.

Avslutningsvis ynskjer laget å gratulere alle som har tatt bruksprov gjennom sesongen, alle som har fått godkjente klasse to og tre prøver, og vinnarar av større og mindre konkurransar. Laget vil også takke alle som på sin måte har bidrege til at aktivitetar og arrangement har vore mogleg og gjennomføra. Lykke til vidare med hundane alle saman, og hiv dykk med på neste gjetarhund-sesong.

Styret